



Illustrasjon: Arkikon

## Rapport Gildeskålbakken

### ID 60597 Hustuft

Stord kommune har i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Stord sogelag og Hystad skule rydda i og rundt hustufta. No er det sett opp skilt med informasjon om sjølve hustufta, og med informasjon om tydinga av namnet Gildeskålbakken.

Frå bevaringsprogrammet for utvalte arkeologiske kulturminne (BARK) 2016 fekk Stord kommune kr 24 000 til skilt.

Hustufta ligg på garden Ålland nedre og bruksnamn er Orninggard. Grunneigar gav løyve til skjøtsel rundt tufta og til å sette opp skilt. Arbeidet vart utført i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og elevar ved Hystad skule.

Hustufta ligg langs Ålandsвшassdraget rett overfor kyrkja. I 2016 var det laga ny gangveg langs elva og rundt Ålandsvatnet. Hustufta vart synleg og lett tilgjengeleg. Det var få personar som visste at det her låg eit forminne. Skiltet står litt på sida av tufta ned mot vassdraget. På andre sida av vegen er det sett opp bord med benker. Området ligger nær hovudvegen og nær kyrkja. Det er lett for barnehagar og for skular å bruke området til rekreasjon og til undervisning.

Hystad skule har tatt på seg å rydde i tufta kvar år.

### Skilt

Arkeolog Bård Gram Økland utarbeidde tekst til skiltet, og Arkikon AS har laga illustrasjoner.

Hordaland fylkeskommune, ved kulturavdelinga har stått for redigering, layout og har vore rådgjevarar til utforming og innhald. Dei har inspirert elevar og vaksne med historieskildring frå tida då Gildeskål var ein viktig del av lokalsamfunnet, og dei har instruert elevane i korleis dei skal stelle og rydde i tufta.

## Økonomi


### Kostnad

Møter / synfaring	kr 3 000
Skjøtsel / rydde	kr 5 000
Byrået, skilt	kr 12 900
Eigedom, fundament	kr 10 320
Montering – planskisse	kr 3 345
Illustrasjon – Arkikon	kr 15 000
Bård Økland – tekst	kr 5 623
Administrasjon	kr 5 000
<b>Sum</b>	<b>kr 60 188</b>


### Finansiering

BARK midlar frå Riksantikvaren	kr 24 000
Stord kommune	kr 23 188
Dugnad	kr 5 000
Administrasjonsbidrag	kr 8 000
<b>Sum</b>	<b>kr 60 188</b>

Tilrettelegging for skilt vart utført i samband med oppføring av den nye turveg langs Ålandsvassdraget. Kostnaden var dekka over budsjett for turvegen.



Illustrasjon: Arkikon



Kulturminnet er merka med raudt.

Stord, 9. august 2018

Guri Andresen Aksnes  
kulturkonsulent